

nr. 5 - 2012

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



Leseopplevingar
formar oss





– Det er barnebokforfattarane som skal gje ungane våre leseglede og leselyst, som skal prega unge sinn med leseopplevingar som kanskje formar dei for livet. Dette er orda til Hege Myklebust i Pit Parion i utgåve nummer to i år. I denne utgåva av Pirion får du presentert eit knippe av dei barnebøkene som har kome ut våren 2012. Fleire lesetips finn du på nettstaden vår Pirion.no under «les for meg».

PRINSESSER OG DRAKAR

Av: Christina Björk og Eva Eriksson
Samlaget 2012

Her er sju eventyr samla, eitt eventyr for kvar dag. Trass i at prinsesser og drakar alltid har høyrte til i eventyr, er alt snudd på hovudet i denne boka. Her er det nemleg prinsessene som har kontroll på drakane, ikkje omvendt. I denne boka er prinsessene slett ikkje skuggeredde og avhengige av å få hjelp, men klarer seg godt på eiga hand.

I tekstane er det mykje humor og morosame bokstavrim. Til dømes høyrer me om prinsesse Månestråles måndag, prinsesse Torindas torsdag og prinsesse Soveleies søndag. Her er drakar som er mørkredde, som ikkje likar skitne prinsesser, og som aller mest gjerne vil ha eit nytt dokkehus.

Illustrasjonane er i ekte eventyrstil, med overgåande slott, prinsesser og leiker. Borna vil lett kjenne att typiske eventyrtrekk og garantert bli overraska over at historiene er pakka inn i ein ny drakt. Og kven har høyrte om ein raud drake før? Som er så liten at han ikkje orkar å røve prinsessa?

Eller kva med prinsessa og draken som skifter rolle? Om prinsessa som røvar med seg draken utkledd i prinsesseklede heim?

Judith Sørhus Litlehamar

MARI OG MAGNUS

Av: Ruth Lillegraven og Inger Landsem
Samlaget 2012

Mari og Magnus er sysken og går i same barnehage. Ein dag skjer det noko rart i barnehagen, alle smokkane

er plutsleg borte. Kor kan dei vere? Og kven har teke dei? Mari og Magnus byrjar å leite, og til slutt finn dei smokkane på ein litt uventa plass.

Ruth Lillegraven debuterte med den kritikkarroste diktsamlinga *Store stygge dikt* i 2005. Historiene om Mari og Magnus er dei første barnebøkene hennar. Den første boka om syskenparet Mari og Magnus kom i fjor, boka om smokketjuven er den andre boka i serien.

Mari og Magnus er ei historie som er lett å kjenne att og følgje med på, også for dei minste. Illustrasjonane er fargerike og levande og gir mange spanande tema å snakke om i tillegg til sjølve historia. Truleg passar bøkene best for dei mellom 3 og 6 år.

Historia viser oss at ein ikkje alltid treng vere liten for å trengje litt ekstra kos og merksemd. Det vil nok mange av dei litt eldre barna kjenne seg att i.

Judith Sørhus Litlehamar

KOMPISEN LENGTAR

Av: Moni Nilsson
Ill: Per Gustavsson
Samlaget 2012

Denne vakre og poetiske biletboka er omsett frå svensk til nynorsk av Ragnar Hovland.

Olivia skal reise vekk, men bamsen Kompisen får ikkje vere med. I staden blir han att heime og lengtar. Han kan verken ete eller leike, berre lengte etter at Olivia skal kome attende. Og tida går så sakte når ein berre ventar og ventar. Einaste trøsta er at ein ikkje er skikkeleg einsam så lenge ein har nokon å vente på.

Det er dei detaljrike og varme illu-

strasjonane som ber historia i boka, og som gjer ho så god til høgtlesing. Temaet er dessutan like aktuelt for alle, og boka kan difor passe for fleire aldersgrupper. Dei minste vil ha mest glede av teikningane, medan dei eldre borna kan lese historia sjølv. Store born vil truleg kjenne seg igjen i mykje.

Illustrasjonane byggjer opp under historia om Kompisen, som er einsam og lengar etter nokon å vere saman med. Det er godt samspel mellom teksten og illustrasjonane, sjølv om teksten somme gonger blir litt vanskeleg å lese sidan han står mot mørk bakgrunn.

Kven har ikkje sakna nokon? Og blitt såra når nokon reiser vekk, og ein ikkje kan vere med sjølv? Men det gode med å lengte etter nokon er gleda når dei kjem attende.

Judith Sørhus Litlehamar

BARNAS EIGA AKTIVITETSBOOK

Red: Nana Rise-Lynum
Ill: Svanaug Steinnes og Trond Rønmo
Samlaget 2012

Dagen før eg skulle ha barnebursdag, landa denne boka på skrivebordet mitt. Tilfeldig – ja, sikkert. Det var i alle fall ei svært kjærkommen overrasking.

Barnas eiga aktiviteitsbok er ei samling av tips, triks, kringgater, quizar og oppgåver som har stått i Norsk Barneblad dei siste 10 åra. Her er vel 80 sider med idear om korleis du kan skremme folk til å tru at det er ein slange i do, oppskrifter på herlege ting med sjokolade, spennande triks du kan gjere med såpebobler, og quizar med ulike tema. For å nemne noko.

Barnas eiga aktiviteitsbok er ikkje ei særstyt bok i sitt slag, kanskje bortsett frå det heilt opplagde: Ho er på nynorsk, og det er det nok ikkje mange andre aktiviteitsbøker som er.

Men det er uansett ei bok som trengst, og ei bok du vil trengje ofte og lenge – i alle fall så lenge det er barn rundt deg. For i ei barneverd fylt av appar, lesebrett, mobilar og Wii er det forfriskande å kunne plukke fram eit knippe uteleiker, finne på nokre rampestrekar med ballongar eller ta nokre rundar med tankeskerpande quiz. Du treng slett ikkje ha abonnert på Norsk Barneblad dei siste tiåra for å travest med denne boka – ho vil nok kitle leikemuskelen din uansett!

Toyni Tobekk

DØGN-VRIMLEBOKA: LIV OG RØRE I HAMNA

Tekst og illustrasjon: Britta Teckentrup
Samlaget 2012

Her kjem ei ny vrimlebok i serien vrimlebøker, som vi har blitt så glade i. Frå før kjenner vi vrimlebøkene til Rotraut Susanne Berner, der kvar bok tek oss gjennom ei av årstidene.

Denne gongen er det ein ny forfattar og illustratør som har laga ei vrimlebok, om livet på hamna frå morgon til kveld. Denne gongen har boka tekst. Dei førre bøkene har vore heilt utan tekst, men i denne er det fem-seks linjer med spørsmål øvst på kvar venstreside. Desse spørsmåla er nett dei same som vi sikkert hadde stilt sjølve: Kvar er katten? Kva skjer med endene?

Eg er ikkje sikker på om det er nokon god ide med tekst. Det skulle ha vore



interessant å høyre kva tanken er bak dette. Vanemennesket kan lett kome til å mislike det fordi vi ikkje er vane med at det skal vere slik. Dessutan verkar det litt overflødig med tekst i ei slik bok. Heile vitsen med denne boka — og med dei andre vrimlebøkene — ser jo ut til å vere at du skal kunne gå på oppdagingsferd frå side til side, utan kompass og andre rettesnorer, og finne dei fine historiene i all detaljrikdommen desse bøkene byr på.

Likevel, når vi så har fått rydda det med teksten av vegen, så skal det seiast at denne vrimleboka, som dei andre vrimlebøkene, er ei bok det er lett å bli glad i. Her er så mange gode historier som ligg i dagen, eller som ein må leite etter og brått er der ein dag, etter at du har lese boka hundrevis av gonger. Og sjølv om illustrasjonane til Britta Teckentrup er noko annleis enn Berner sine, så kan eg jo ikkje henge meg opp i det, men heller glede meg over alle dyra med dei venlege ansiktstrekkja som eg kan bli kjend med og følgje eit heil døger i hamneområdet i byen.

Vrimlebøkene kjem i eit stort og hardt format som tåler ein støyt, noko som er eit ekstra pluss. Bøkene er meinte for barn frå 2 år og oppover.

Toyni Tobekk

FAMILIEN KRÅKESTUP OG NYSET I NABOHUSET

*Av: Kari Smeland
Ill: Mona Brekke
Samlaget 2012*

I eit lite og nesten falleferdig hus bur familien Kråkestup, der far les om fuglar og mor spelar trekkspel. Denne familien er litt spesiell, ikkje minst sidan alle seks borna er tvillingar. Nokre av borna er glade i å snike seg ut på kveldstid for å spionere på det store nabohuset, som nesten ser ut som om det kjedar seg. Dei minste tvillingane, Lykke og Stjerne, synest det er merkeleg at det store huset står tomt når dei er så mange som bur i det vesle huset.

Ein kveld ser tvillingane ein skugge bak gardina i nabohuset. Kva kunne det vere, tru? Eit menneske? Ei kjempe med giftige auge? Ein skapning frå ein annan planet? Kanskje nokon rett og slett har flytta inn i nabohuset?

Dette er debutboka til Kari Smeland, som har klart å skape eit eige univers med merkelege hendingar og ei nesten eventyrleg historie. Her er gode språklege formuleringar og ei forteljning der påfunna kjem som ei perle på ei snor.

Boka passar truleg best for høgtlesing for dei mellom 6 og 9 år, men sidan teksten er lett å lese og gode illustrasjonar bryt opp forteljninga, kan også fleire av dei eldste borna lese boka på eiga hand. Mange vil nok kjenne seg att i tvillingane som berre må kikke inn vindauga i nabohuset, og som ikkje minst lét seg freiste av fantasien om at skuggen på innsida ikkje er postmannen, men kanskje noko heilt anna. Det ligg eit slør av mystikk og eventyr over illustrasjonane i svart/kvitt.

Truleg blir også fleire freista til å leike detektiv etter at dei har høyrst denne spanande eventyrhistoria.

Judith Sørhus Litlehamar

KEEPERKONGEN

*Av: Atle Berge
Ill: Henning Lystad
Samlaget 2012*

Dette er tredje boka om Barcelona-gjengen, som spelar fotball for Komet I.L. Komet-bøkene er letlestebøker, bøkene om Barcelona-gjengen er i den grønne Komet-serien og passar best for dei mellom 8 og 10 år.

Det er ingen i Barcelona-gjengen som likar å stå i mål, aller minst Aleksander. Men denne gongen er det hans tur til å vere keeper, enten han vil det eller ei. Og den ivrige trenaren står på sitt: Aleksander skal stå i mål. Men kva om Eivind heller kunne stå i mål, han som likar det så godt? Og kven er eigentleg keeperkongen som dei har høyrst så mykje om? Kan keeperkongen

finne løysinga på problemet?

Code og tydelege illustrasjonar og ein lettlesen tekst gjer historia lett å få med seg, også for dei minste lesarane. Mange har kanskje opplevd ein litt for engasjert fotballtrenar, og mange har nok fått vondt i magen når dei tenkjer på noko dei må gjere som dei ikkje har lyst til. Boka seier mykje om at me alle er ulike, og at alle kan noko, men at ingen kan vere gode til alt.

Keeperkongen klarer å løyse flokane. Aleksander er god til å styre spelet på banen og viser seg å vere ein dyktig kaptein, og Eivind finn sin plass i målet som keeper. Og ikkje minst held keeperkongen den litt for ivrige trenaren i skinnnet.

Alt handlar om å finne plassen sin.

Judith Sørhus Litlehamar

NÅR PRINSER BLIR HJEMME

*Av: Per Gustavsson
Mangschou 2011*

Akkurat denne dagen hadde prinsen berre lyst til å vere heime og slappe av. Han skulle lese bøker, drikke kakao og kose med hamsteren Hermann. Han skulle i alle fall ikkje vere med vennene på å skremme røvarane. Og medan dei andre prinsane fór av garde på røvarjakt, blei prinsen vår heime. Men plutselig høyrer han nokre rare lydar frå kjøkkenet. Og der var røvarane, det vil seie nokre redde røvarar. Seinare møter me både ein redd svartdrake og den redde og gligronken.

Dette er ei ekte eventyrverd, der prinsane har krone på hovudet og sverd på rommet sitt. Her møter me mystiske figurar som likevel er nett som både deg og meg. Dei blir til og med redde for det som dei ikkje veit kva er. Svartdraken, til dømes, var så redd for og gligronken at han gøymde seg under senga til prinsen.

Her kan borna drøyme seg vekk. Kanskje kjenner dei også att faste eventyrtrekk? Talet tre går att, mellom anna finn prinsen nokon som er redde

og som treng hjelp, tre gonger. Og ikkje minst går alt godt til slutt. Då inviterer nemleg prinsen dei nye vennene sine på saft!

Og kva skjedd med dei andre prinsane? Jo, dei blir naturlegvis redde og spring av garde når dei ser kven prinsen har fått besøk av. Teikningane i boka er levande og med klare fargekontrastar som speglar kampen mellom det gode og det vonde.

Judith Sørhus Litlehamar

MÅNEN SOM VILLE LYSE SOM EI SOL

*Tekst og bilete: Elin Grimstad (debutant)
Samlaget 2012*

Historia i denne boka handlar om sola og månen, om kven som er best, som stråler mest og betyr mest for at andre skal vere glade. Og sjølvsaugt går det ikkje månen sin veg. Han skin berre om natta, og då er det jo ingen som ser han. Men månen tenkjer ut ein plan som skal gjere at han overskuggar sola fullstendig og ein gong for alle viser kven av dei to som er best.

Går det bra, skal tru? Den spenninga får boklesaren ha til ho får bladd gjennom boka og sett sjølv.

Vi kan i alle fall avsløre at her er litt av kvart å lære om oss sjølve, om relasjonar og ikkje minst om solsystemet og stjernehimlen, slik også andre har peika på.

Illustrasjonane i denne praktfulle biletboka består av små bilete og figurar som Elin Grimstad har klipt ut og sett saman til nokre nydelege kollasjar. Ifølgje forlaget har ho brukt ein teknikk som er mykje brukt innan animasjonsfilm, og som no for første gong er brukt i ei bok.

Personleg hadde eg i tillegg til dei vakre bileta stor glede av dei små, handskrivne titlane på bøkene i boka og ikkje minst dei små diktappane til månen inne i boka og på innsida av omslaget. Det var òg fin lesnad!


Toyni Tobekk

Returdresse:

Pirion
Vatlandsvåg
4235 Hebnes

NORGE

B



P.P.

www.pirion.no



PIT PARION

FILOSOFERING OM VENSKAP

«Vennene mine er så gode, og da blir jeg snill» (Elise, 6 år). Denne utsegna kjem frå ei jente i ein av barnehagane i Ringebu kommune.

I dei to kommunale barnehagane (i tillegg til seks av familiebarnehagane i denne opplandskommunen) har barn og tilsette arbeidd mykje med emnet venskap.

Medan eg skriv denne kommentaren, er det mange barn som skal byrje på eit nytt år i barnehage eller skule. Mange barn og foreldre møter dessutan barnehagen eller skulen for fyrste gong. Kjenslene kring dette kan vere mange og blanda, men noko er felles: Korleis vil barnet vårt klare seg i lag med dei andre? Eller sagt med andre ord: Får barnet mitt vener?

Inkludering og kjensla av å høyre til er ein føresetnad for læring og trivsel i barnehage og skule. Til dømes er **social kompetanse** eit av hovudområda i rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen.

Sjølv om vi etter kvart har fått mange anti-mobbeprogram, ser vi at mobbing som fenomen diverre held seg om lag stabilt. Å førebyggje mobbing og utestenging er difor eit arbeid vi som vaksne aldri kan seie oss ferdige med.

Venskap verkar førebyggjande i høve mobbing, i tillegg til at venskap har ein klar eigenverdi for den einskilde – det vere seg barn eller vaksen.

Barnehagen er den fyrste sosialiseringarenaen som barn møtar utanom heimen. At barn utviklar god sosial kompetanse, noko som mellom anna inneber å forhalde seg til andre, er truleg noko av det viktigaste barn kan få med seg frå barnehagen.

Barnehagane i Ringebu kommune har i 2012 hatt ekstra fokus på venskap som førebyggjande faktor og som verdi i seg sjølv. Filosofering i små grupper og i lag med tilsette har vore ein viktig del av prosjektet.

Elles er mange metodar tekne i bruk; fotografering, teikning, modellering og andre skapande prosessar som syner barna sine tankar om kva venskap er. Symbola på venskap som barna i Ringebu-barnehagane har funne fram til, er mange: venskapsband (armband og andre band), songar, vers og venskapspinnar for å nemne nokre.

Resultatet av barna sine filosoferingar over emnet **venskap** vert vist på ei utstilling på Ringebu prestegard i sommar. Sommarutstillinga 2012 er ei dokumentasjonsutstilling med **fotografi, teikningar og barna sine filosoferingar om venskap**.

Alle barnehagane i kommunen har etter kvart lang tradisjon for å delta på sommarutstillinga, i lag med kjende kunstnarar frå inn- og utland.

Sjølve utstillinga er verd ein artikkel i seg sjølv, men ved å sjå utstillinga får vi innsyn i eit solid arbeid med pedagogisk dokumentasjon, i tillegg til estetiske opplevingar. Desse barna sine filosoferingar kring venskap er noko du som vaksen vert klokare av.



TORILL SPERRE ER:
Førskulelærer/fagleg rett-
leiar og kulturarbeidar.

FØLG OSS PÅ FACEBOOK
OG TWITTER

Bli tingar og få Pirion
i posten 8 gonger i året
for kr **235,-**

Pirion-kurs

Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no